



FYLKESMANNEN I TELEMARK
Postboks 2603

3702 SKIEN

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2015/712	288/2016	V13	05.01.2016

Vurdering av trekk/avkorting for produksjonstilskot sommar 2015 i Vinje

Viser til e-post frå Landbruksdirektoratet 10.12.2015 med vedlagte lister PT-4100A,B og C. Liste PT-4100A gjev kommunen ein oversikt over søkjarar av produksjonstilskot i landbruket sommar 2015 som har gjeve feil opplysningar – eller som er blitt feilmeldt i inputkontrollane ved til dømes å ikkje ha gjødslingsplan.

I brev frå Fylkesmannen i Telemark datert 11.12.2015 blir det synt til rundskriv 2015-26 og 27 og føresegner om at *kommunen skal vurdere avkorting i alle saker hvor foretak har gitt feilopplysninger som kunne ført til urettmessig merutbetaling av tilskudd*. Fylkesmannen ynskjer kopi av alle brev i høve til disse sakene.

I to saker der søkjer ikkje har gjødslingsplan er vedtak om avkorting handsama separat, jf. brev datert 4 og 5 januar. For dei resterande tilfelle gjev vi ei samla vurdering som følgjer.

Søkjarar med manglande gjødslingsplan

I følgje forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 11, 2 ledd skal areal- og kulturlandskapstilskotet (AK-tilskotet) avkortas ved manglande gjødslingsplan.

- Ridesenteret i Rauland har ikkje oppgjeve at dei har hausta areal – og det er heller ikkje stipulert AK-tilskot til utbetaling.
- Romtveitskare hytteservice har oppgjeve så lite areal at det ikkje vil dekke botnfrådraget – det er ikkje stipulert utbetaling av AK-tilskot.

Det er med andre ord ikkje grunnlag for avkorting i desse sakene

Søkjarar med feilopplyningar

I følgje forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12 kan kommunen avkorte det samla tilskotet om føretaket uaktsomt eller forsettelig har gjeve feil opplysningar som kan gi en urettmessig meirutbetaling. I følgje rundskriv 2015 -26 skal det i utgangspunktet avkortas – uansett skal det det gjevast ein vurdering om avkorting. Det er gjeve

retningslinjer for dette, men *kommunen må alltid vurdere hva som er rimelig og forholdsmessig i hvert tilfelle.*

- Bjørn Botne - org. nr. 970439013 - har i mange år søkt AK-tilskot (også i år) på 15 dekar full- og overflatedyrka jord på gnr. 4/5 - i Vinje. Dette er leigejord – grunnforhold myr - på nabogarden. Ved kontroll 16.9.2015 var arealet beitepussa – og ikkje hausta.

På grunn av mykje nedbør i sommar var det etter søkjer sin vurdering ikkje forsvarleg å hauste arealet utan større skader på enga. I følgje søkjer var intensjon ved søknadstidspunktet å hauste dette arealet som vanleg - i håp om ein tørr haust. Myrjorda tørka aldri opp – og til slutt blei arealet berre beitepussa. Det er sjølvstundt uheldig at det ikkje blir meldt i frå om dette – kravet til å få tilskot er hausting. Søkjer ville hauste enga som vanleg. Då veret ikkje tillèt det, meiner søkjer at han var i god tro tilskotsmessig ved at jorda var blitt halden i hevd ved å bli slått av, sjølv om avlinga ikkje blei hausta.

Ein kan såleis diskutere om søkjer har vore uaktsom – og burde vite at opplysningane ville gje ein urettmessige utbetaling av tilskot. Det er ikkje uvanleg at eng i dårlege år kan blitt slått etter søknadsfristen i ein fjellkommune som Vinje. Sakshandsamar har av den grunn til å tro at søkjer sin intensjonen var å hauste arealet på søknadstidspunktet. I ei samla vurdering vel ein derfor å la tvilen kome søkjer til gode og finn det urimeleg å gje avkorting – søknaden er likevel retta. En legg vekt på at det er tale om ein avgrensa tilskotssum, at søkjer har hausta arealet i mange år, og at arealet er blitt halden i hevd ved slått.

- Gunn Aslaug Seltveit - org.nr 975885798 – har søkt om AK-tilskot på 3 da overflatedyrka leigejord på nabogarden gnr. 127/1. Ved kontroll 22.9.2015 var det arealet ikkje hausta. Dette er arealet søkjer har nytta i si drift i mange år.

Søkjer hadde og i år intensjon om å hauste dette arealet, men dårleg vær med mykje nedbør i kombinasjon med sjukdom gjorde at søkjer ikkje hadde fått hausta eller beita arealet innan kontrolldato. Det er uheldig at sjølv små areal som dette ikkje blir meldt retta når dei ikkje blir hausta. Ut frå omstende i saka, og at arealet er avgrensa finn ein det likevel urimeleg å gjere vedtak om avkorting.

- Oddbjørn Gardsteig – org.nr. 915597610 – er blitt feilmeldt på grunn av manglande mjølkekvote. Søkjer disponerer utvilsamt mjølkekvote som tidlegare forpaktar, men på grunn av generasjonsskifte og omstende i Tine er den ikkje registrert på søkjer i siste kontroll. Dette har det vore ein prosess på i haust, der fylkesmannen og er informert, og dette er såleis neppe grunnlag for avkorting.

Med helsing

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Botne	Dalsvegen 1180	3890	Vinje
Gunn Aslaug Bøe	Arabygdvegen 1568	3864	Rauland
ROMTVEITSKARE HYTTESERVICE GRY	Totakvegen 1735	3864	RAULAND
ROMTVEIT			
RIDESENTERET I RAULAND AS	A I R vegen	3864	RAULAND

Vedlegg:

- 1 Liste PT-4100B - Vurdering av trekk/avkorting for produksjonstilskot sommar 2015 i Vinje

